



Stavanger krisesenter
Krisesenter Vest IKS
Kommunane i Rogaland

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fimro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Rapport vedk. kartlegging av krisesentertilbudet i Rogaland

Frå 01.01.2010 blei kommunane pålagde å ha eit krisesentertilbud til både kvinner, menn og barn. Fylkesmannen skal ha tilsyn med kommunane si oppfølging av plikta deira på dette området. Fylkesmannen har difor kartlagt tilbudet i Rogaland.

Kartlegginga har vist at kommunane i sørfylket er knytt til Stavanger krisesenter som Stavanger kommune driv som eit kommunalt tiltak med samarbeidsavtaler med 17 andre kommunar. I nordfylket er kommunane knytt til Krisesenter Vest IKS som er eit interkommunalt selskap. Kvitsøy kommune har lege, psykososialt kriseteam og bakvakttelefon.

I denne rapporten blir berre svara frå Stavanger og Haugesund kommune referert.

Kommunane har gjort greie på følgjande spørsmål:

1. Korleis ivaretek kommunen plikta til å gi eit krisesentertilbud til innbyggjarane sine – korleis er tilbudet organisert?
 - Stavanger er vertskommune og driv Stavanger krisesenter i eit samarbeid med 17 andre kommunar.
 - Haugesund kommune gir krisesentertilbud gjennom eit interkommunalt selskap, Krisesenter Vest IKS, eid av 17 kommunar i Rogaland og Hordaland.
 - Kvitsøy har opplyst at lege kan kontaktast, og at dei har ein bakvakttelefon.
2. Kven/kva for ein instans i kommunen har ansvar for å sikre at innbyggjarane har eller får eit krisesentertilbud?
 - Stavanger krisesenter er ei verksemd under direktør for oppvekst og levekår.
 - Rådmannen i Haugesund kommune har systemansvar for samarbeidet med Krisesenter Vest IKS.

3. Omfattar kommunen sitt tilbod opphald i eit krisesenter eller i eit mellombels gratis butilbod?

- Stavanger krisesenter har tilbod om opphald i senteret.
- Krisesenter Vest IKS har heildøgns krisesentertilbod i Haugesund og på Stord, og eit korttidstilbud i Odda. På kartleggingstidspunktet blei det opplyst at det skulle bli eit tilbod for menn.

4. Blir det tilbydt oppfølging etter opphald i krisesenter/butilbod?

- Stavanger krisesenter tilbyr oppfølging etter opphald. Senteret har også open kafé kvar 14. dag for dagbrukarar/tidlegare bebuarar.
- Krisesenter Vest IKS har samarbeidsavtaler med kommunane for overføring av brukarar frå butilbod til oppfølging i reetableringsfasen.

5. På kva måte blir tilbodet lagt til rette for den enkelte og ivaretek spesielle behov, jf. at tilbod skal vere individuelt tilrettelagt?

- Stavanger krisesenter har primærkontaktar til bebuarane. Desse gir bebuarane oppfølging både under og etter opphaldet. Bebuarane får også tilbod om individuelle samtaler.
- Krisesenter Vest IKS har mottakssamtaler og jamnlege oppfølgingssamtaler med brukarane for å sikre at tilbodet blir lagt opp etter brukarane sine behov.

6. Korleis fungerer krisesentertilbodet i høve til/er samordna med andre deler av tenesteapparatet i kommunen?

- Stavanger krisesenter er aktiv i forhold til samarbeid med andre instansar og besøkjer desse for å informere om tilbodet.
- I Haugesund er sosialtenesta kommunen sitt kontaktpunkt mot Krisesenter Vest IKS på brukarnivå.

7. Har kommunen eit internkontrollsystem for krisesentertilbodet?

- Stavanger kommune har eit overordna system for internkontroll som også omfattar krisesenteret.
- Krisesenter Vest IKS har eit internkontrollsystem, som saman med samarbeidsavtalene med kommunane skal sikre systemkontrollen av tilbodet.

8. Har krisesenterlova ført til at kommunen har endra krisesentertilbodet sitt, og ev. kva slags endringar?

- Stavanger kommune endra tilbodet ved at krisesenteret blei innlemma som ei kommunal verksemd, og driftsansvaret blei på den måten kommunalt.
- I nordfylket var det tidlegare tre krisesenter basert på frivilligheit: Stord, Odda og Sauda. Krisesenteret i Haugesund hadde betalte medarbeidarar. Etter lovendringa blei

døgnbemanninga i Haugesund og Stord oppretthaldne, mens tilbodet i Odda blei eit mottakstilbod som blir bemanna ved behov. Det blir bygd opp eit tilbod til menn som også blir bemanna ved behov.

9. Korleis blir innbyggjarane informerte om kommunen sitt krisesentertilbod?

- Stavanger informerer innbyggjarane om krisesenteret gjennom kommunal nettside, brosjyrar og krisesenteret sine tilsette som informerer samarbeidspartnarar.
- Haugesund kommune har informasjon om krisesentertilbodet på sine internettsider. Det er generelt god kjennskap til tilbodet, og krisesenteret er godt innarbeidd i regionen.

10. På spørsmål om m.a. kva tiltak kommunen planlegg dersom kommunen ikkje har eit krisesentertilbod, svarer alle kommunane utanom Kvitsøy at dei er knytt til eit krisesenter. Sjå svar frå Kvitsøy referert under pkt. 1.

Med helsing

Pål Iden
avdelingsdirektør

Britt Gjelsvik
rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Britt Gjelsvik
Saksbehandlar sin telefon: 51 56 88 61
E-post: britt.gjelsvik@fmro.no